

100 på tussatur i skumringstimen

29.10.2014



- No har vi berre ein post att!

Litt skummelt er det i skumringstimen, men også litt spennande. Det tykte mange av dei rundt 100 som i kveld var med på tussaturen til turngruppa. Den har etterkvart vorte ein tradisjon ved overgangen til ein ny årstid.



- Den var litt vrien!

Turen går no føre seg i området rundt skulen og grusbana medan dei første turane var på Heia. I fjor var det med rundt 40 lag eller rundt rekna 100 små og store, og talet var truleg omlag det same i år.

Tussaturen er gjerne ei våt oppleving, men denne gongen var det strålende haustver - til ein forandring.

Dette er eit rebuslaup og denne gongen var det igjen lagt stor fantasi for dagen av dei som hadde klekka ut rebusane.

Av replikkane under bileta frå ein post midt på på grusbana går det fram at nøttene vart vurdert noko forskjellig.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



-Den var lett!